



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Dombås Hotell, Domaasgrendi 1, 2660 Dombås, booking@dombas-hotel.no

Dato: 25.-26. april, 2025

Påmelding:

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre	Knut Egil Rykhus		Nina Stavheim Bentsdal	x
Fjord	Britt-Ingunn Tafjord Walle		Johan Arnt Overøye	x
Lesja	Liv Klara Enstad	x	Dag Christian Hole	
Lom	Kristian Frisvold		Sigrun Garmo	x
Luster	Eli Merete Hansen Moen	x	Arne J Hauge	
Rauma	Andrine Kylling	x	Jostein Reiten	
Skjåk	Randi Rust	x	Ola Løkken	
Stranda	Claus Uwe Callsen	x	Gro Anita Loen Sve	
Stryn	Johan J Berge	x	Helene Mari Maurset	
Vågå	Hans Petter Vaberg		Turid Grimsbø Snerle	
SF-MR	Edvard Emblem Lund			
Sekretær	Tor Taraldsrud	x		

Program:

Fredag 25. april

17:30 – 18:00 Kaffi / te / enkel bevertning

18:00 – 19:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)

20:00 Middag

Laurdag 26. april (tidsskjema kan bli noko endra)

08:00 – 09:00 Frukost

09:00 – 10:00 Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)

10:00 – 10:30 Kaffi / te / frukt (i stort møterom)

10:30 – 12:00 Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom)

12:00 – 13:00 Fagtema, utfordringar for villrein i Reinheimen-Breheimen v/Per Jordhøy.

13:00 – 14:00 Lunch (felles med villreinutvalet)

14:00 – 15:00 Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom forts.)

15:00 – 16:00 Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

2

Innhald

8.	Godkjenning og innkalling av sakliste	3
9.	Årsmelding og rekneskap for 2024	3
10.	Budsjett 2025.....	6
11.	Villreinnrådet - fagdag den 27.-28. mai, Savalen fjellhotell.....	7
12.	CWD-kartlegging	8
13.	Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak.....	9
14.	Kvote 2025 og tildeling av fellingsløyve	10
15.	Tidelegare brøyting av Sognefjellsvegen (Fv. 55)	14
16.	Scenarioanalyser, Pyttbua / Brøstdalen	16
17.	Påbygg fritidsbustad Dovre	18
18.	Referatsaker:.....	20
1.	Sak 1-25 Høyringsuttale detaljplan for miljø og landskap - Illvatn	20
2.	Sak 2-25 Høyringsuttale Motorferdsel til Nysætri i Lordalen LVO for trakking av langrennstrase vinter- og påskeferie	20
3.	Sak 3-25 Høyringsuttale Illvatn kraftstasjon – Søknad om løyve for start og landing med helikopter utenfor landingsplassar med konsesjon	20
4.	Sak 4-25 Oppmoding om å sende saker på høyring til villreinnemnda	20
5.	Sak 5-25 Oppmoding om varsemd med omsyn til villrein i byggeperioden - oppføring av 8 snøskredtårn i Grasdalen.....	20
6.	Sak 6-25 Høyringsuttale motorferdsel i utmark - Vigdalen-Ofsarvatnet, Luster.....	20
7.	Sak 7-25 Høyringsuttale landing med helikopter Nørdstedalseter, Luster	20
19.	Neste møte i nemnda	21
20.	Eventuelt.....	21

Sakliste:

8. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling:	Ingen merknader til innkalling og sakliste.
Behandling:	Samrøystes.
Vedtak:	Ingen merknader til innkalling og sakliste.

9. Årsmelding og rekneskap for 2024

Møte

Nemnda hadde tre møte i 2024:

1. Oppstartsmøte (felles for fleire nemnder), Dombås, 7.-8. februar.
2. Årsmøte, Åndalsnes 26.-27. april.
3. Møte på Billingen, Skjåk, 20.-21. september.

Skrantejuka (CWD): Det var lagt opp til å ta CWD-prøver av all villrein eldre enn eit år som vart felt under jakt. I vårt område var det ei kvote på 1100 dyr, fordelt på 660 vaksne dyr og 440 kalv. Det vart felt 492 vaksne dyr og 248 kalv. Av desse vart det innsendt 408 CWD-prøver. 32 vart ikkje analysert (bl.a. hadde 3 uegna materiale), 376 vart analysert, alle desse var negative. Året før ble det sendt inn 448 CWD-prøver, da var det felt 617 vaksne dyr. Alle valda fekk tilsendt prøvetakingsutstyr direkte frå Veterinærinstituttet. Tala over er henta frå hjorteviltregisteret medan overvåkningsrapporten til Veterinærinstituttet lister opp 377 negative prøver frå 2024. Tidlegare har tala frå Veterinærinstituttet inkludert ein del prøver som ikkje er fanga opp i hjorteviltregisteret. Forklaringa har truleg vore at jegerane sender inn fleire CWD-prøver av felt villrein som dei ikkje rapporterer i hjorteviltregisteret. Men i 2024 ser det ut til at nesten alle som har sendt inn prøve også har registrert den på rett måte.

Nemnda var representert ved Randi Rust, Johan Berge og sekretær på fagdag i regi av villreinnrådet på Voss frå 31. mai.-1. juni. Villreinnrådet er ein frivillig organisasjon for villreinnemnder og villreinutval. Randi Rust er medlem av styret til villreinnrådet, ho vart vald inn i 2019.

Sekretær deltok på oppsynsmøte for SNO og villreinutvalet sine oppsyn i forkant av villreinjakta og evalueringsmøte for utval og oppsyn etter jakta.

Lista under syner presentasjonar som villreinnemnda v/sekretær hadde i 2024:

- 23. jan – Villrein vs. vindkraft i Jettaområdet. Ope møte på Toftemo, Dovre.
- 28. mai – Erfaring med villreinjakt på tamreinområde. Møte i administrativ faggruppe for regional plan for Ottadalsområdet. Møtet vart halde i Lom.
- 11. juni - Utmarkssamling på Sota Sæter i Skjåk. Korleis skal villreinstammen i Reinheimen-Breheimen få god kvalitet?
- 24. okt – Presentasjon om Villrein i Breheimen for rådgjevande utval for Breheimen nasjonalpark. Møtet vart halde i Skjåk.

Saker

Nemnda handsama 33 saker (inkludert referatsaker) i løpet av året. Nemnda hadde nokre saker som omhandla bestandsforvaltning. Majoriteten av sakene omhandlar arealbruk. I 2024 hadde nemnda uttale til saker om øvingsaktivitet i regi av ulike lokallag av Norges Røde Kors, hytteutbygging, stigmerking, helikopterflyging, guiding av turistar og militærøving.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

4

Det vart arbeidd ein god del med revidering av handlingsprogrammet for regional plan for Ottadalsområdet. Sekretær deltok med innlegg på to digitale høyringsseminar.

Sekretariatet

Sekretariatet for villreinnemnda har frå 01.01.2009 kjøpt teneste av Skjåk kommune. Kjøp av tenester er heimla i kontrakt (frå 2016) inngått mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Skjåk kommune.

Villreinområdet gjennom året

Bruken av arealet innan villreinområdet er den største utfordringa gjennom året. Villreinen er arealkrevjande og sårbar for forstyrring. I fleire saker er det viktig å bidra til å minimere konsekvensane av ulike inngrep. Leveområda er kontinuerleg pressa frå fleire hald. Nemnda blir i stadig større grad invitert med i planlegging av ulike aktivitetar. Det er ei gledeleg utvikling, det er mykje enklare å få teke omsyn til villrein om ein deltek i planleggingsprosessen kontra å kome med innspel etter at planane er lagt.

Økonomi

Nemnda vart løyvd kr 350.000,- frå Miljødirektoratet i 2024, ei auke på kr 50.000,- frå året før. Frå før hadde vi eit forskot på sekretærarbeid på kr 99.921,- Reelt hadde vi altså kr 449.921,- til disposisjon i 2024.

Midla blir overført frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som fører rekneskap for villreinnemnda. I 2024 vart utgiftene til drift ein del større enn tildelinga, underskotet vart på kr 50.874,- Villreinnemnda får berre middel til drift eit og eit år. Rekningar som det ikkje er dekning for blir derfor utbetalt fyrst året etter.

I dei fem siste åra har nemnda fått noko mindre tildeling enn det vi har brukt. Men sidan nemnda har fått forskot på sekretærfunksjonen tidlegare har vi likevel hatt økonomi til å kunne gjennomføre planlagt møteaktivitet. Så lenge vi har hatt ein del oppsparte middel er tildelinga tilstrekkeleg, men den må snart opp att på eit høgare nivå. I t.d. 2019 fekk nemnda tildelt kr 450.000,- til drift. Altså eit betydeleg større beløp enn det vi har fått dei siste åra.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

5

Tabell 1 – rekneskap 2024 og budsjett 2025

Konto	Forklaring rekneskap	Inntekter	Inntekter	Forklaring budsjett
		Regn 2024	Budsj 2025	
			kr 90 156	Forskot sekretær frå 2017
			kr 40 555	Forskot sekretær frå 2018
			kr 110 939	Forskot sekretær frå 2019
			kr 9 831	Forskot sekretær frå 2020
			-kr 16 136	Underskot (rest) frå 2020
			-kr 13 525	Underskot (rest) frå 2021
			-kr 54 090	Underskot (rest) frå 2022
			-kr 67 808	Underskot (rest) frå 2023
			-kr 50 874	Underskot (rest) frå 2024
			-kr 16 506	Utgifter frå 2024 ført i 2025
235	Rame frå Miljødirektoratet	kr 350 000	kr 360 000	Rame frå Miljødirektoratet
			kr 392 541	Sum middel til disposisjon i 2025
			kr 32 541	Restbeløp i Skjåk kommune

Konto	Forklaring rekneskap	Kostnader	Kostnader	Forklaring budsjett
5300	Løn og godtgjersle styre, råd og utval	kr 163 954	kr 164 000	Om lag same nivå som i fjor
	Ekstrakostnader leiar		kr 4 000	
5330	Honorar		kr 4 000	Innleige av kjentmenn, føredragshaldar
5400	Arbeidsgiveravgift	kr 24 025	kr 23 688	14,1% av møtgodtgjersle
6780	Tenestekjøp sekretær 2024 (520,20 kr/t x 246 t) = 127969,- Fekk dekt 77095,- av SFMR og dekt 50874,- av restmiddel i Skjåk kommune	kr 127 969	kr 133 000	532 kr/t x 250 t
6780	Distribusjon kontrollkort - villreinutvalet	kr 5 000	kr 5 000	
6840	Trykksaker (bladet villreinen)	kr 2 250	kr 2 500	Trykksaker (bladet villreinen)
6860	Møter eksterne	kr 14 582	kr 14 500	
6861	Møter interne	kr 12 583	kr 12 500	
6871	Kompetanseheving	kr 6 817	kr 7 000	
7100	Bilgodtgjering, oppgåvepliktig	kr 22 849	kr 22 500	
7132	Reisekostnad, ikkje oppgåvepliktig	kr 14 687	kr 15 000	
7150	Diетtkostnad, oppgåvepliktig	kr 2 592	kr 2 500	
7400	Kontingent villreinrådet	kr 3 566	kr 3 566	
	Sum	kr 400 874	kr 413 754	
	Resultat	-kr 50 874	-kr 53 754	
	Bruk av tidlegare forskot til Skjåk kommune	kr 50 874	kr 32 541	
	Sum	kr 0	-kr 21 213	Legg opp til eit budsjett med underskot

Innstilling: Årsmelding og rekneskap - godkjent.
Behandling: Samrøystes.
Vedtak: Årsmelding og rekneskap - godkjent.

10. Budsjett 2025

Nemnda har motteke kr 360.000,- til drift i 2025.

I tillegg har Skjåk kommune att eit forskot frå tidlegare på kr 49.047,-

Nemnda har gjeld på kr 16.056,- i form av utgifter frå 2024 som vart ført i 2025.

Reelt har derfor nemnda kr 392.541,- til sitt arbeid dette året.

Den kritiske faktoren for nemnda sin økonomi er talet på møte. Nemnda meiner at skal vi klare å oppfylle den rolle som det er skissert at nemnda skal ha, bør det avviklast nokre fysiske møte i året og i tillegg møte i arbeidsutvalet ved behov. Det kan vere aktuelt med digitale møte og eventuelt ein kombinasjon av fysiske og digitale møte igjennom året.

I 2025 bør vi få til omlag tilsvarande møteaktivitet som tidlegare år. Nemnda ynskjer å vere aktiv i forhold til arealplanlegginga i den enkelte kommune. Nemnda vil og vere aktiv overfor villreinutvalet og avviklar også i dag fleire møte i året saman med dei.

Ein del av møta i nemnda bør vera med overnatting. Det gjer at nemnda kan kombinere møteverksemda med synfaringar noko som er svært nyttig. Villreinområdet er stort og det er vanskeleg å ha oversikt, derfor er det nytting med synfaringar for medlemmane. Det gjer og at ein kan leggje opp synfaringar som inkluderer saker som skal bli behandla.

Det er truleg aktuelt å delta på fagdagen på Savalen for fleire av medlemmane i nemnda.

- Innstilling:** Legge opp til eit budsjett som sikrar nemnda tilfredsstillande aktivitet innanfor dei økonomiske ramane vi har.
- Behandling:** Nemnda ba om å få totalt kr 400.000,- altså kr 40.000,- meir i tildeling enn vi fekk for 2025. Endre budsjettet slik at reelle kostnader blir synlege. Justering av talet på timar for sekretær frå 210 (i innstillinga) til 250 (i vedtaket). Dei siste åra har det vore brukt noko meir enn 200 timar. Det er ganske tydeleg at arbeidsmengda er aukande. Samrøystes.
- Vedtak:** Auke talet på timar for sekretær frå 210 timar til 250 timar. Det gir ein auka kostnad på kr 21.280,- (iht innstillinga) og eit budsjettert underskot på kr 53.754,-

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7

11. Villreintrådet - fagdag den 27.-28. mai, Savalen fjellhotell

Info frå Villreintrådet:

Styret og redaksjonsrådet i Villreintrådet har gleden av å invitere årets fagdag fra 27. – 28. mai, fra lunsj til lunsj).

Fagdagen er åpen for alle. For villreinnemnder og – utvalg vil det være et eget landsmøte før lunsj den 27., i forkant av fagdagen.

Årets samling er planlagt på Savalen fjellhotell som ligger i nærhet av Knutshø villreinområde. Til sommeren drar vi altså et godt stykke nordøst i villreinland.

Endelig program for samlingen vil sendes senere siden det fortsatt er en stund til samlingen. Vi venter blant annet på forslag til tiltaksstrategier for flere områder og som vi gjerne ønsker informasjon om. Men jeg kan nevne at vi allerede har notert:

- Presentasjon av villreinområdene i området.
- Siste nytt fra forskning og utredninger.
- Innlegg fra politisk ledelse i KLD om regjeringens politikk.
- Nytt fra Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet.
- Innlegg rundt reetablering i Nordfjella.
- Forvaltning av caribou i Alaska.
- Ny, spennende villreinforskning ved USN-Bø.
- Hvordan vurdere menneskelig påvirkning for å lage gode tiltaksplaner?

Vi tror altså at vi klarer å lage et dagsaktuelt og spennende program også i år. Total kostnad (inkludert fullpensjon, en overnatting, tre-retters festmiddag, drikke, to lunsj mv.) kommer på rundt 3 500,-.

Påmelding er til meg (e-post) og påmeldingsfrist settes til 1. mai, men jeg vil anbefale alle å melde seg på så snart som mulig. Vi har rundt 40 rom kvelden før, og 110-120 den 27.-28. Jeg tipper at det kan bli venteliste i år. Jeg trenger navn, nummer og e-postadresse til alle påmeldte. Også fakturaadresse om dere ikke vil gjøre opp med hotellet ved avreise. Er det noen spesielle mathensyn som må tas, så si ifra om det.

Og så en veldig viktig ting: Husk å videresende invitasjonen til alle dere kan tenke dere å være interessert. Ellers så ønsker vi alle dere en fin vår, og så håper vi at vi sees på Savalen!

Ta gjerne kontakt om dere har spørsmål. Hilsen Christian Hillmann, sekr., tlf 90152571

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen har reservert fem plassar.

- Innstilling:** Det blir opna for at dei faste medlemmane i nemnda kan melde seg på fagdagen.
- Behandling:** Vi har reservert fem plassar. Tilbakemeldingane i møtet tyder på at det ikkje blir så mange faste medlemmar som kan møte.
- Vedtak:** Det blir opna for at både dei faste medlemmane og vara i nemnda kan melde seg på fagdagen.

12. CWD-kartlegging

I haust skal det bli teke CWD-prøve av all villrein felt under jakt som er eit år og eldre, på same vis som dei fem siste åra (denne type prøvetaking starta hausten 2018, CWD vart oppdaga i Nordfjella i mars 2016). Villreinnemnda har ansvar for bestilling og utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som skal levere det vidare til jegerane. Mange av jegerane begynner truleg å få godt tak på prøvetaking og er godt kjent med problematikken rundt CWD.

- Innstilling:** Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar.
- Behandling:** Samrøystes.
- Vedtak:** Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar.

13. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak

Villreinnemnda har kr 216.880,- til utdeling i 2025

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.25.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnadar og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

- Innstilling:** Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Nyss, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, porten.no, villrein.no.
- Behandling:** Samrøystes.
- Vedtak:** Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Nyss, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, porten.no, villrein.no.

14. Kvote 2025 og tildeling av fellingsløyve

Villreinnemnda vurderer kvotesøknad på bakgrunn av bestandsplan, teljing av vinterstamme og årleg kvotesøknad frå villreinutvalet. Det er søkt om 1135 fellingsløyve. Søknad frå villreinutvalet er limt inn under. Det er søkt om:

Reinheimen: 850
Breheimen SØ: 175
Breheimen SV: 110

Sak 6 - Kvoteforslag 2025, jakttid og fellesjakt dagar

Kvoteforslaget er behandla i styret og baserer seg på årets minimumsteljing og gjennomsnittleg tilvekst og avskyting.

Styret legg fram fylgjande kvoteforslag for årsmøtet:

Reinheimen: 850 jaktkort (inkl. 14 oppsynskort)

Breheimen: 285 jaktkort (inkl. 7 oppsynskort) derav 175 dyr på søraust og 110 på sørvest.

Tot: 1.135 jaktkort (inkl. 21 oppsynskort)

Avskytingsprofil 2025

Styret legg fram forslag om fylgjande avskytingsprofil for årsmøtet:

Reineheimen	
Kalv	40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	30 %
Kluftbuk	10 %
Fritt dyr	20 %

Breheimen sørvest	
Kalv	45 %
Simle / Bukk u. 40 kg	35 %
Kluftbuk	10 %
Fritt dyr	10 %

Breheimen søraust	
Kalv	40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	30 %
Kluftbuk	10 %
Fritt dyr	20 %

**Presisering Breheimen sørvest: Inntrykket i jakta i fjor haust på sørvest var at det var lite vaksen bukk å finne. Dette inntrykket vart stadfesta gjennom strukturteljing og minimumsteljinga i vinter. Det vart funne om lag 11 % bukk. Dvs 36-37 individ. Ein teori er at ein del bukk har vandra ut av dette delområdet. Kvota bør justerast ut ifrå minimumsteljinga og tildele noko mindre andel vaksen bukk (færre fellingsløyve av typen "fritt dyr"). Derfor må ein justere avskytingsmodellen litt iht bestandsplanen, men det blir vurdert å vera såpass viktig å fylgje det mest oppdaterte kunnskapsgrunnlaget at ein tillet å justere avskytingsmodellen på sørvest. Stammestorleik på sørvest er også noko større enn målet i bestandsplanen, men i og med at reinen ser ut til å bruke nordvestområdet i større grad, er det truleg beite og areal til ein noko større stamme. Det er positivt å sjå at reinen ser ut til å kome attende til dei områda den tidlegare har brukt i nordvest. Det blir derfor vurdert å vera greitt å ligge noko over bestandsmålet på sørvest for 2025.*

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

11

Jakttid 2025

Styret legg fram fylgjande forslag for årsmøtet:

Onsdag 20. august (første jaktdag) – søndag 14. september (siste jaktdag).

Fellesjakt: som beskrive i jegerkontrakt 2025 (vidareføring frå 2024).

AVTALE OM OPE OG DELVIS OPE JAKTOMRÅDE I REINHEIMEN:

*Områda i Lesja, Vågå, Lom og Skjåkområda aust for Tora-Tverræ-Torsvatnet inngår i eit felles jaktområde i heile jaktperioda. Føresetnaden er da at jeger **SKAL** starte jakt frå eige jaktområde (står på jaktkortet). Dovreområda er unnateke. I tillegg blir fylgjande fellesjakt med Finndalsområdet vidareført: tysdagar, onsdagar og torsdagar: 2-3-4. september og 9-10-11. september - i denne perioda er kort stempla Fellesområdet Finndalen gyldig i både Skjåk- og Lesjaområder. Kort stempla Lesja-Reinheimen eller Skjåk-Reinheimen, er i same periode gyldige i Finndalsområdet.*

Unge jegerar (20 år og yngre) får jakte i heile det opne Reinheimenområdet heile jakta på eige kort!

Unnateke frå ope jaktområde: Områda i Fjord, Stranda og Rauma.

Tabell 2– stammeoversikt

Reinheimen	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Kommentar 2025
Vinterstamme	2000	2098	1941	2266	2032	1936	2063	1966	2112	1856	1909	
Tilvekst	472	355	693	429	413	417	473	611	382	555	458	Estimert 24 % kalvetilvekst, snitt siste 10 år
Tilvekst %	23,6 %	16,9 %	35,7 %	18,9 %	20,3 %	21,5 %	22,9 %	31,1 %	18,1 %	29,9 %	23,9 %	Snitt siste 10 år
Sommarbestand	2472	2453	2634	2695	2445	2353	2536	2577	2494	2411	2367	
Avskyting	374	512	368	663	509	290	570	465	638	502	544	Estimert 64 % felling, snitt siste 5 år
Kvote	700	725	675	900	700	500	800	800	950	750	850	
Fellingsprosent	53,4 %	70,6 %	54,5 %	73,7 %	72,7 %	58,0 %	71,3 %	58,1 %	67,2 %	66,9 %	64,3 %	
											1823	etter jakt (mål 1700-1800)
Breheimen Sør-Aust	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Kommentar 2025
Vinterstamme	572	568	551	550	535	488	510	484	553	511	440	(Nokre dyr vart ikkje telt, kanskje 30?)
Tilvekst	129	124	164	127	63	147	99	195	135	100	106	Estimert 24 % kalvetilvekst, snitt siste 10 år
Tilvekst %	22,6 %	21,8 %	29,8 %	23,1 %	11,8 %	30,1 %	19,4 %	40,3 %	24,4 %	19,6 %	24,3 %	Snitt siste 10 år
Sommarbestand	701	692	715	677	598	635	609	679	688	611	546	
Avskyting	133	141	165	142	110	125	125	126	177	171	123	Estimert 70 % felling, snitt siste 5 år.
Kvote	220	185	200	185	171	168	168	200	250	250	175	
Fellingsprosent	60,5 %	76,2 %	82,5 %	76,8 %	64,3 %	74,4 %	74,4 %	63,0 %	70,8 %	68,4 %	70,2 %	
											423	etter jakt (mål 400-450)
Breheimen Sør-Vest	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Kommentar 2025
Vinterstamme	218	215	281	230	380	321	290	276	330	295	330	
Tilvekst	46	81	-3	187	46	33	50	97	41	102	86	Estimert 26 % kalvetilvekst, snitt siste 10 år
Tilvekst %	21,1 %	37,7 %	-1,1 %	81,3 %	12,1 %	10,3 %	17,2 %	35,1 %	12,4 %	34,6 %	26,1 %	Snitt siste 10 år
Sommarbestand	264	296	278	417	426	354	340	373	371	397	416	
Avskyting	49	15	48	37	105	64	64	43	76	67	80	Estimert 73 % felling, snitt siste 5 år
Kvote	55	15	50	40	129	82	82	65	100	100	110	
Fellingsprosent	89,1 %	100,0 %	96,0 %	92,5 %	81,4 %	78,0 %	78,0 %	66,2 %	76,0 %	67,0 %	73,1 %	
											336	etter jakt (mål 250-300)

Minimumsteljing utført på vinteren er grunnlaget for tabellen over. Når ein er kjent med vinterstamma og jaktuttak kan ein rekne ut tilveksten. Gjennomsnittleg fellingsprosent og tilvekst for dei siste 10 åra er brukt som grunnlag for å estimere desse parametrane for 2025.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

12

Bestandsestimater syner at vinterstamma etter jakt vil vera i tråd med bestandsplanen. For alle delområda er det usikkerheit knytt til estimata. Spesielt for sørvestområdet der det har vore størst variasjonar i vinterstamme og tilvekst frå år til år. Endringane er ikkje like enkle å forklare for alle år. Framskriving av bestanden er derfor mest usikker for dette delområdet. Inntrykket i jakta i fjor haust på sørvest var at det var lite vaksen bukk å finne. Dette inntrykket vart stadfesta gjennom minimumsteljinga i vinter. Det vart berre funne om lag 11 % bukk (observert som gevirlause). Dvs 36-37 individ. Ein kan spekulere i om ein del bukk har vandra ut av dette delområdet? Vi bør justere kvotetildeling ut ifrå minimumsteljinga og tildele noko mindre andel vaksen bukk (færre fellingsløyve av typen "fritt dyr"). Da må ein justere avskytingsmodellen litt iht bestandsplanen, men det blir vurdert å vera såpass viktig å fylgje det mest oppdaterte kunnskapsgrunnlaget at ein tillet å justere avskytingsmodellen på sørvest. Stammestorleik på sørvest er også noko større enn målet i bestandsplanen. Men i og med at reinen ser ut til å bruke nordvestområdet i større grad er det truleg mat og areal til ein noko større stamme. Det er positivt å sjå at reinen ser ut til å kome tilbake til dei områda den tidlegare har brukt i nordvest. Det kan hende at ein litt større stamme er med på å forsterke auka arealbruk. Det blir derfor vurdert å vera greitt å ligge noko over bestandsmålet på sørvest.

Tabell 2: Avskytingsmodell

Korttype	Bestandsplan 2024-2026	Reinheimen	Breheimen Sørøst	Breheimen Sørvest
Kalv	40 %	40 %	40 %	45 %
Simle / Bukk u. 40 kg	25 - 30 %	30 %	30 %	35 %
Kluftbuk	5 - 10 %	10 %	10 %	10 %
Fritt dyr	20 - 25 %	20 %	20 %	10 %

Endringa på sørvest gjer truleg lite utslag på avskytingsprofilen for heile villreinområdet. Nemnda si vurdering er at endringane ikkje er så store at vi vil be om utarbeiding av ny bestandsplan.

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal alle vedtak der ein påverkar naturmangfald bli vurdert etter dei miljørettslege prinsipp - §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget er godt med bakgrunn i årlege bestandsregistreringar (§§ 8-9).

Kvotestorleik er forsvarleg (§ 10). §§ 11-12 er ikkje relevant i denne saka.

Tabell 4 under er kopiert frå gjeldande bestandsplan. Det er lagt opp til ulike soner med ulik fellingskvote og minstearreal. I kommentarutgåva til hjorteviltforskrifta er det skrive fylgjande: *Utarbeidelse av bestandsplan for et villreinområde er den naturlige arenaen for forankring på rettighetshaversida av ulike soner med ulik fellingskvote.*

Tabell 4: Fordeling av kort mellom valda.

	Kvoteprosent	Fordeling
Innlandet	85 %	Fordeling iht areal mellom valda innan Innlandet
Rauma	8 %	Fordeling iht areal innan Rauma
Fjord	5,5 %	Fordeling iht areal innan Fjord
Stranda	1,5 %	Fordeling iht areal innan Stranda
Sum	100 %	
Skjåk	75 %	Eit vald
Stryn	7 %	Eit vald
Luster	18 %	Eit vald
Sum	100 %	

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

13

I følge bestandsplanen kan det bli sett av nokre oppsynskort. For 2025 blir det sett av 14 oppsynskort i Reinheimen og 7 i Breheimen. Dei blir teke frå totalkvota og belastar derfor kvart vald likt.

Innstilling: Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1135 dyr for 2025, fordelt på 850 dyr i Reinheimen, 175 dyr i Breheimen søraust og 110 dyr i Breheimen sørvest.
Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyve som valfrie dyr.
Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i kvotesøknaden frå utvalet.
Arealet i villreinområdet har ulike soner med ulikt minsteareal, dette er forankra i bestandsplanen. Villrein bruker nokre delar av terrenget i større grad enn andre delar. Arealet har derfor ulik vekting med tanke på tildeling av fellingsløyve.
Tildeling av fellingsløyve til ulike vald slik det går fram av tabell 3 jf bestandsplanen.
Heimel: § 28 i hjorteviltforskrifta.

Behandling: Samrøystes.

Vedtak: Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1135 dyr for 2025, fordelt på 850 dyr i Reinheimen, 175 dyr i Breheimen søraust og 110 dyr i Breheimen sørvest.
Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyve som valfrie dyr.
Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i kvotesøknaden frå utvalet.
Arealet i villreinområdet har ulike soner med ulikt minsteareal, dette er forankra i bestandsplanen. Villrein bruker nokre delar av terrenget i større grad enn andre delar. Arealet har derfor ulik vekting med tanke på tildeling av fellingsløyve.
Tildeling av fellingsløyve til ulike vald slik det går fram av tabell 3 jf bestandsplanen.
Heimel: § 28 i hjorteviltforskrifta.

15. Tidelegare brøyting av Sognefjellsvegen (Fv. 55)

Bakgrunn

Nemnda er informert om at både Luster og Lom kommune har drøfta tidlegare opning av Sognefjellsvegen (Fv. 55). Leiar i nemnda og medlem frå Luster kommune har skriva eit ope brev om tidlegare opning av Fv. 55 og omsyn til villrein (vedlagt).

Det er Innlandet og Vestland fylkeskommune som er vegeigar og som i utgangspunktet styrer når vegen skal vera open. I dag er praksis at Sognefjellsvegen blir opna til 1. mai og det er lagt til grunn i kontrakta med driftsentreprenør. Dersom vegen skal bli opna tidlegare må ein vurdere konsekvensane av det, mellom anna økonomiske konsekvensar og konsekvensar for naturmiljø. Nemnda er naturleg høyringspart for saker som kan ha konsekvensar for villrein innanfor Reinheimen-Breheimen villreinområde. Det er forventa at vi blir invitert til å kome med høyringsuttale.

Dersom fylkeskommunen skal vurdere dagens praksis nærmare vil det truleg skje etter oppmoding frå kommunane. Det kan vera fornuftig av villreinnemnda å kome med ei uttale no, slik at kommunane er kjend med kva konsekvensar vi trur tidlegare opning vil ha for villrein.

Vurdering

Sognefjellet er eit viktig utvekslingsområde mellom Vest-Jotunheimen og Reinheimen-Breheimen. Biltrafikk i seg sjølv er neppe det som uroar reinen mest, men auka mengde folk på tur i utvekslingsområdet kan ha negative effektar på funksjonen til området.

På vårparten vandrar ofte villreinen mellom ulike funksjonsområde. Det er ekstra viktig at reinen ikkje blir forstyrra på denne tida slik at trekka blir bevart.

Fylkeskommunane er både vegeigarar og har vedteke regional plan for Ottadalen villreinområde. I den planen har utvekslingsområdet mot Vest-Jotunheimen fått ei eiga sone (Sone E).

E Utvekslingsområde villrein
(mot Vest-Jotunheimen)

• Ved alle nye tiltak skal kommunen vurdere om desse tiltaka reduserer moglegheita for utveksling av rein mellom Ottadalsområdet og Vest-Jotunheimen villreinområde.

I arbeidet med kvalitetsnorm for villrein er dei viktige trekkorridorane over Sognefjellet trekt fram som fokusområde:


Saksa frå Norsk villreinsenter:

<https://storymaps.arcgis.com/stories/ce49913e62a04c53b8736a25cb20ad4a>

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

15

Fokusområder	
FokusID	RB11
Fokusområde	Sognefjellet
Type utfordring	Trekpassasje
Vurdering sommer og høst	Under 50%
Vurdering vinter	Under 50%
Vurdering kalving og oppvekst	Under 50%
Kommentar	Dette er et utvekslingsområde mellom to villreinområder. Det er utfordringer knyttet til Sognefjellsvegen og innfallsporier til terrenget. Det er flere eldre trekpassasjer som ikke har blitt brukt i seinere tid.



Vi er redd tidlegare opning av vegen over Sognefjellet vil føre til auka mengde folk på tur i og omkring utvekslingsområdet. Tidlegare opning er derfor ikkje ynskjeleg. Dersom det likevel blir gjeve løyve bør det bli iverksett fleire avbøtande tiltak, til dømes:

- Merke ein lengre strekning med "all stans og parkering forbode", tilsvarende som over Venabygdsfjellet (Fv. 27). Dei har hatt slik regulering i mange år.
- På strekninga Huldehaug-Sognefjellshytta; ikkje brøyte rasteplassane til påske. Slik kan ein betre regulere kvar ein ynskjer menneskeleg aktivitet som potensielt kan uroa villreinen.
- Lage fysiske korridorar for å unngå høge brøytekanter slik at villreinen enklare kan krysse vegen og halde fram med å bruke dei naturlege trekkrutene sine

Innstilling: Det er ikkje ynskjeleg med tidlegare opning av Sognefjellsvegen. Dersom det likevel blir gjeve løyve til tidlegare opning må fleire avbøtande tiltak bli iverksett.

Behandling: Tillegg til innstillinga: Dersom ein ser at ordninga har negative konsekvensar for villrein og bruken av trekkområdet mellom Breheimen og Vest-Jotunheimen, bør ordninga bli avvikla. Samrøystes.

Vedtak: Det er ikkje ynskjeleg med tidlegare opning av Sognefjellsvegen. Dersom det likevel blir gjeve løyve til tidlegare opning må fleire avbøtande tiltak bli iverksett. Dersom ein ser at ordninga har negative konsekvensar for villrein og bruken av trekkområdet mellom Breheimen og Vest-Jotunheimen, bør ordninga bli avvikla.

16. Scenarioanalyser, Pyttbua / Brøstdalen


Puttbudalen var eit kalvingsområde på 50-70-tallet. Utover på 80-talet vart området stort sett brukt av bukk og i dag er det sjeldan villreinen trekker over Brøstdalen/Puttbudalen.

I samband med at DNT Sunnmøre søkte om å oppgradere Pyttbua, ynskte Nasjonalparkstyret for Reinheimen meir kunnskap før dei handsama søknaden. Med middel frå Innlandet fylkeskommune, vart Norsk institutt for naturforskning (NINA) bedt om å gjere ei vurdering. Til hjelp i dette arbeidet vart det gjennomført ei scenarioanalyse, som sto ferdig i desember 2024.

NINA-forsker Manuela Panzacchi med kollegaer har over fleire år kartlagt den samla belastninga av menneskelege aktivitetar i alle villreinområda og sett på kva som framleis er gode og tilgjengelege leveområde og vandringskorridorar for villrein. Ved å kombinere data frå mange områda kan dei simulere effekten av moglege tiltak. Følgjande scenario vart vurdert:

- 1) Stenging av DNT-hytta Pyttbua med tilhøyrande stiger og skiløyper
- 2) Stenging av Pyttbua med stig- og løypenettverk pluss stenging av vegen og etablering av en parkeringsplass på Kabben.

Desse scenarioa synte kor stor effekt menneskeleg ferdsel har for villreinens områdebruk i Brøstdalen/Puttbudalen.



Illustrasjon frå Nina-rapport 2478.

Les meir om rapporten på NINA sine [nettsider](#). Der er det også link til heile rapporten. Rapporten har vore presentert i ulike aviser og på andre nettsider. Det er ein god presentasjon på [forskning.no](#) -

I konklusjonen i rapporten er det skrive:

«Vi anbefaler også å være ambisiøse i planleggingen av avbøtende tiltak. Villreinen bruker ikke lenger området, og det er ingen garanti for at tapte korridorer kan gjenopprettes. Det er derfor tilrådelig å prioritere riktig områder for avbøtende tiltak, og deretter «frigjøre» området så mye som mulig fra menneskelige forstyrrelser i alle årstider for å oppmuntre til gjenetablering av den tapte tradisjonen med å bruke området, om sommeren (som ser ut til å

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

17

være enklere), og i kalvingsperioden. Forstyrrelser bør derfor holdes på et minimum, og nyttige tiltak kan inkludere restriksjoner på turisme, trafikk og jakt.»

Parallelt med arbeidet med å få gjennomført scenarioanalysen for Brøstdalen/Pyttbudalen kom Stortingsmeldinga for Villrein:

Regjeringa løfter fram fem strategiske område for å nå disse måla og som sammen skal svare ut og bidra til å løse de komplekse utfordringene i villrein fjellet. De fem strategiske områda er:

- 1. heilskaplig og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet*
- 2. økt tilrettelegging av villreinvennlig ferdsel*
- 3. bedre villreinhelse*
- 4. mer bærekraftig bestandsforvaltning av villrein*
- 5. målretta restaurering av leveområda til villreinen*

For å fylgje opp Stortingsmeldinga for villrein og anbefalingane frå NINA-rapporten har Nasjonalparkstyret for Reinheimen skissert fylgjande spørsmål til interessegrupper i dette området:

- *Kan DNT hytta Pyttbua bli lagt ned og stinettverket flyttes?*
- *Kan vegen inn til Tunga stenges for allmennheten, og i så fall hvor vil den beste plassen være å ha bom?*
- *Skal det være åpning for at hytteiere skal få kjøre helt inn til Tunga, mens turister må stoppe f.eks. ved Sjugurgarden?*
- *Hvilke kompensasjoner trengs for å kunne gjennomføre foreslåtte, evt. andre tiltak?*

Vurdering

Dette området er vald ut som eit eige fokusområde (Brøstdalen-Reindalen) og nærmare vurdert i samband med kvalitetsnormen for villrein. Det er der vurdert at funksjonen som trekkpassasje, og kalvings- og oppvekstområdet er redusert med 50-90 %. Det er ikkje så ofte vi har konkrete forslag til tiltak som kan forbetre tilhøva for villrein. Ofte er det spørsmål om å redusere effekten av negative tiltak.

Etter gjennomføring av scenario 2, fjerning av Pyttbua, skiløyper og stenging av vegen ved Kabben, er det forventa ei auke i egna habitat for kalving på 16,9 km². Tilsvarende er det ei forventa auke i migrasjonskorridorar etter implementering av scenario 2 på 4 %, det tilsvarar 2616 km² godt vår- og sommarhabitat). Ein føresetnad er at menneskeleg aktivitet blir halde svært låg, spesielt i kalvingsperioden og tidleg om sommaren, for å sikre at simler med kalvar kan bevege seg med minimale forstyrringar.

Dersom ein ynskjer å få villrein til å bruke dei nordvestre områda i Reinheimen må ein truleg gjennomføre tiltak som avgrensar aktiviteten til nokre grupper.

Innstilling: Villreinnemnd for Reinheimen-Breheimen ynskjer at det blir arbeidd vidare med gjennomføring av dei tiltak som er skissert for scenario 2.

Behandling: Samrøystes.

Vedtak: Villreinnemnd for Reinheimen-Breheimen ynskjer at det blir arbeidd vidare med gjennomføring av dei tiltak som er skissert for scenario 2.

17. Påbygg fritidsbustad Dovre


Statsforvaltaren i Innlandet har bedt om ei vurdering av påbygg til fritidsbustad på gbnr. 6/13 i Dovre: Saksa frå e-posten til Villreinnemnda:

Eiendommen omfattes av kommuneplanens arealdel 2019-2029 og ligger i LNF-område. I tillegg omfattes eiendommen av regionalplan for ottadalsområde (2016-2026).

Når det gjelder regionalplanen for Ottadalen så ligger tiltaket innenfor hensynssone C, (Fjell og Fjordbygder). Dette er områder som bla. omfatter bygdenære områder og spredd bosetning.

Det er ikke egne retningslinjer i regionalplanen for hensynssone C. Regionalplanen viser til kommunal planlegging.

Nedenfor følger et utklipp fra kommunens kartløsning som viser tiltakets nærhet til hensynssoner i regionalplanen. Omsøkt tiltaksområde vises med rød markering nede til høyre i utklippet).



Som en ser av utklippet over ligger omsøkte eiendom ganske nært hensynssone B (randområde), ca. 50 meters avstand grovt målt på kartet. Eiendommen ligger også i umiddelbar nærhet til hensynssone A1 (nasjonalt villreinområde – NVO) ca. 225 meter Grovt målt på kartet).

Søknader og vurdering sakshandsaming frå Dovre kommune ligg vedlagt.

Vurdering:

Norge er i dag det einaste landet i Europa som har restar av den opprinnelege ville fjellreinen, og har derfor eit spesielt ansvar for å ta vare på og forvalte villreinen slik at også framtidige generasjonar kan oppleve levedyktig bestand av villrein. Reinheimen-Breheimen villreinområde er eit nasjonalt villreinområde og ein del av Europeisk villreinregion. Villrein er oppført som trua art på den globale raudlista og som nært trua på den nasjonale raudlista. Villreinen lever i eit ekstremt miljø og det skal lite til før villreinen blir forstyrra med negative effektar på kondisjon og arealbruk. I april 2022 ble den fyrste tilstandsklassifiseringa av dei 10 nasjonale villreinområda ferdigstilt. Reinheimen-Breheimen vart klassifisert som middels.

Eksisterande hytte har eit bebygd areal (BYA) på 52,5 m². Påbygget vil etter planen få eit bebygd areal (BYA) på 47,2 m². I den nye delen er det planlagt toalett, bad og ei stue. Det gjør at stua i eksisterande del kan bli brukt som soverom. Påbygget vil etter planen gi hytta auka overnattingskapasitet og betre komfort. Normalt vil ei slik endring føre til auka bruk

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

19

noko som kan gje auka ferdsel inn i villreinområdet. I utgangspunktet må ein vera varsam med tilrettelegging som gir auka ferdsel inn i villreinområdet.

Arealet i nærleiken av fritidsbustaden har ikkje vore mykje brukt av villrein i seinare tid. Det er få villreinobservasjonar frå Dovredelen av Reinheimenområdet (ref www.artskart.no). Men vi finn ein del villreinrelaterte kulturminne i området og spesielt massefangsanlegget på Verket syner at området må ha vore mykje brukt av villrein tidlegare.

Utviding av fritidsbustadar er små tiltak isolert sett, men det skapar presedens og risiko for ei "bit-for-bit forvaltning" som på sikt kan vera negativt for villrein.

Det er mange ulike tiltak som kan ha negativ effekt på villrein. Dei som har stor samfunnsmessig betydning må ein til ein viss grad akseptere. Fritidsbustadar vil ofte vera mindre viktig og bør ha høgare terskel for å få løyve.

I søknaden er det synt til at hytta ligg i sone B (randområde) i regional plan for Ottadalsområdet, medan det i kommunen si vurdering er skrive at hytta ligg om lag 50 meter utanfor sone B, men at den ligg i sone C (fjell og fjordbygder). Regionalplanen sine retningsliner for sone B:

- c. Kommunane kan gje løyve til ombygging og *mindre tilbygg på eksisterande bygg*, samt riving og erstatning av gamle bygg med nye av same storleik.

Tilbygget det her er søkt om er nesten like stort som eksisterande bygg. Det er tvilsamt om det kan bli rekna som *mindre tilbygg*.

Uavhengig av retningslinene i regional plan for Ottadalsområdet og eksakt plassering iht sone er det like viktig å vurdere i kva grad påbygg vil føre til meir ferdsel inn i villreinområdet. I kartet går det fram at det er fleire stigar som går sørover og inn på fjellet frå Hardeggsetrene. Det ligg derfor til rette for at aktiviteten frå Hardeggsetrene og inn i nasjonalt villreinområde kan auke noko. Vi er samd med kommunen i at belastninga for området neppe blir endra mykje av dette tiltaket isolert sett. Men det gir presedens for andre saker. Samla belastning kan derfor vera negativt for villrein.

Det er på sikt eit mål at alle dei nasjonale villreinområda skal få god kvalitet. Om ein skal oppnå det må ein vera forsiktig med å gje løyve til tiltak som kan ha negativ effekt for villrein.

Innstilling: Det er ikkje ynskjeleg å gje løyve til tiltak som kan gi auka ferdsel inn i villreinområdet. Tiltak som har stor samfunnsmessig betydning må ein til ein viss grad akseptere.

Behandling: Dovre kommune kunne gjerne sendt saka direkte på høyring til villreinnemnda. Omforent forslag om å ta inn fylgjande punkt: Dersom kommunen legg opp til ein reguleringsplanprosess i slike saker, vil det styrke kommuneplanen sin arealdel for å ta omsyn til villrein. Samrøystes.

Vedtak: Det er ikkje ynskjeleg å gje løyve til tiltak som kan gi auka ferdsel inn i villreinområdet. Tiltak som har stor samfunnsmessig betydning må ein til ein viss grad akseptere. Dersom kommunen legg opp til ein reguleringsplanprosess i slike saker, vil det styrke kommuneplanen sin arealdel for å ta omsyn til villrein.

18. Referatsaker:

- 1. Sak 1-25 Høyringsuttale detaljplan for miljø og landskap - Illvatn*
- 2. Sak 2-25 Høyringsuttale Motorferdsel til Nysætri i Lordalen LVO for trkking av langrennstrase vinter- og påskeferie*
- 3. Sak 3-25 Høyringsuttale Illvatn kraftstasjon – Søknad om løyve for start og landing med helikopter utenfor landingsplassar med konsesjon*
- 4. Sak 4-25 Oppmoding om å sende saker på høyring til villreinnemnda*
- 5. Sak 5-25 Oppmoding om varsemd med omsyn til villrein i byggeperioden - oppføring av 8 snøskredtårn i Grasdalen*
- 6. Sak 6-25 Høyringsuttale motorferdsel i utmark - Vigdalen-Ofsarvatnet, Luster*
- 7. Sak 7-25 Høyringsuttale landing med helikopter Nørdestedalseter, Luster*

19. Neste møte i nemnda

Vi kan legge opp til eit to-dagarsmøte med synfaring og deltaking på fagdagar.

Vedtak:


Det kan vera aktuelt med synfaring ein av desse plassane:

1. Finndalen
2. Dalsnibba og rasteplassen i Geirangerkrysset, ev med overnatting i Geiranger eller Valldal.

Ynskjeleg å få til dette i august/september, primært fredag eller fredag-laurdag. Vurdere ut i frå saksmengde om det er behov for todagarsmøte. Leiar og sekretær avgjer endeleg plassering og dato.

20. Eventuelt

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær